

Årsmelding for Valdres Bygdebok 2023

Styret er felles med Valdres Historielag, med eigen leidar (I. Aars) og nestleiar (leidaren i Valdres Historielag). Sjå Valdres Historielag om årsmøte, styremøte, val. Vedtekter (prenta i Årbok 2015) treng noko revisjon, som bør gjerast parallelt med lovene for historielaget.

Økonomi: Bygdeboksal inntekter kr 8 500, årsoverskot totalt kr 8886, eidealar i alt kr 139 626.

Arbeid med Valdresleksikon har gjort at det har vorti lite tid til Bygdeboksarbeid i 2023.

Hovudsaker som står att, er

A Fullføre hovudserien med band 3,3 1900-talssoga.

B Nord-Aurdal band G tettstader? Manus Fagernes ligg klare (Østgård, Dalen ca 50 + 50 s.).

Ein del spørjeskjema for Leira er skrivne, og skal då vera i arkivet ved museet.

Opplegg med «historiske annonser» er utarbeidd (sjå tidlegare meldingar), opplegg tettstadshistorie (3), eldre postkort, evt. andre historiske foto.

C Nytrykk av utselde band (SA D Hedalen og Øystre Slidre del A) så snart økonomi gjer det mogleg.

Tidlegare drøfting av eigne band, som må vente til økonomi eller støtte gjer arbeid mogleg:

*Kyrkjeband (feilopplysning gjevi i Stortinget på spørsmål om den statlege kyrkjeserien:

Behovet lite, då det er lagt ut på nett. Valdresbandet på nett er ikkje leseklårt, og alle kyrkjer er ikkje med.

*Biletkunst. Eiliv O. Hauges bok om målarkunst er bra grunnlag, men mykje nytt er komi til, og bilethoggarar m.m. må med.

*Emigrasjon. Arbeid frå Bjørn Østgård og dr. avhandling m.m. frå Terje Joranger bør få større utbreiing. Serleg Valdrisar i USA er sers sentral valdressoge. Mykje stoff finst òg i bladi Valdri Samband har gjevi ut: Valdri Helsing, Samband, Budstikken.

*Okkupasjon så stort emne at det bør vera eige band heller enn del av 1900-talssoga?

*Stadnamn. Valdresmål er etter måten grundig framstelt i band 2 (og 900-årsskrift, og årbok 2022. Men stadnamnartiklane kan supplerast med ikring 350 sær oppgåvor (frå gymnaset), og tilfang frå stadnamnemndene i dei seks kommunane.

*Helse bør kan hende gå inn i 1900-talshistoria.

Arkiv for Valdres Bygdebok har vorti viktig etter at Valdres Folkemuseum tok over arkivmaterialet etter at H. Hvattum avslutta band E og F for Nord-Aurdal. Men det finst sers mykje meir, som me har prøvt å få oversyn over:

Årsmeldingar frå 1930-åri, berre tidvis prenta i TVH og Årbok.

Noko arkiv og boklager hjå dei seks kommunane.

Brevbyte serleg med Anders Frøholm (i Vang og hjå I. Aars).

Årlege rapportar frå Harald Hvattum.

Notat, rapportar m.m. hjå I. Aars serleg frå dei tre sørlege kommunane.

Lysbilette frå årsmøte og elles (serleg Trond Hamre, Ivar Aars)

Artiklar i Årbok 2015 (Valdres Bygdebok 1922-2015, s. 17 – 40, og H. Hvattum: Valdressoga s. 50)., komande artikkel i årbok 2024 (Hvattum).